

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Opplæringslova § 13-7

**Kva saka gjeld:**

Revisjon av vedtekter for skulefritidsordninga ved Fedje skule og forslag om endring i betaling gjeldande frå 01.08.2015.

**Bakgrunn for saka:**

Det er meld ynskje om presiseringar og endringar både frå tilsette, føresette og politisk hald, samt at det er fleire år sidan vedtekten vart reviderte.

## § 1 Føremål og mål for Fedje SFO

Vedtekten skal vere

- ein styringsreiskap for rektor og SFO-leiar
- eit grunnlag for informasjon til foreldre
- eit grunnlag for satsingsområde og vurdering av kvalitet i SFO

Målet for Fedje SFO er

- at dei vaksne gjennom samspel med borna stimulerer til undring og nye spørsmål i leik og fritidsaktivitetar. Dei tilsette sin samtale med borna er prega av opne spørsmål og ein positiv tone. Det vert lagt til rette for at leik vert igangsett på borna sine eigne initiativ.

## § 2 Lovgrunnlag

### SFO er heimla i opplæringslova §13-7

*"Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. klassetrinn, og for born med særskilte behov på 1.-7.klassetrinn. Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna. Skolefritidsordninga skal gi borna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma born skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.*

*Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om*

- a. eigarforhold*
- b. kven som er opptaksmyndigheit*
- c. opptakskriterium*
- d. opptaksperiode og oppseing av skolefritidsplassen*
- e. foreldrebetaling*
- f. leike- og opphaldsareal*
- g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h. bemanning og leiing*

*Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere administrativ og fagleg leiar. Departementet gjer unntak frå kravet. Tilboden skal finansierast gjennom statleg og kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.*

*Regelen i §10-9 første og tredje ledd gjeld for tilsetjing i skolefritidsordninga.*

*Kommunen godkjenner og fører tilsyn med private skolefritidsordningar som får statstilskot. Departementet gir nærmere forskrifter om skolefritidsordninga."*

## **Andre aktuelle paragrafar i opplæringslova:**

### **Opplæringslova § 10-9 Politiattest**

*"Den som skal tilsetjast i grunnskolen, må legge fram politiattest. Attesten skal vise om vedkomande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot barn, skal ikkje bli tilsette i grunnskolen.*

*Kommunen kan krevje politiattest etter første ledet også for andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen. Departementet gir nærmere forskrifter."*

### **Opplæringslova kapittel 9a Elevane sitt skolemiljø**

Dette kapittelet omhandlar elevane sitt arbeidsmiljø, både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet.

§9a-1 gir generelle krav:

*"Alle elever i grunnskoler og videregående skoler har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring." Skulen må gjennomføre dei tiltak som er nødvendige for å innfri lova sitt krav. § 9a-8 understreker at krava til skolemiljøet skal gjelda for skulefritidsordninga: "Føresegnene i dette kapitlet gjeld også for skulefritidsordning oppretta etter lova her."*

*"Dette gjeld også når skulefritidsordninga omfattar aktivitetar utanfor skulen sitt område, eller blir drive i lokale utanfor skulen."*

Opplæringsloven §15-1 henviser til forvaltningsloven §§13-13e som omhandlar reglar for taushetsplikt.

### **§ 3 Eigartilhøve og styre**

- a. Kommunestyret er øvste styre for skulefritidsordninga og godkjenner vedtekten.
- b. Samarbeidsutvalet er styre for ordninga på skulen.
- c. SFO-ansvarleg og ein foreldrerepresentant vald av foreldremøtet i SFO har møte- og røysterett i samarbeidsutvalet i saker som vedkjem SFO.

### **§ 4 Opptaksmynde**

- a. Kommunestyret vedtek kriterium for opptak av born i SFO.
- b. Rektor er opptaksmyndigkeit i SFO
- c. Formannskapet er klageinstans

### **§ 5 Opptakskriterium**

SFO er eit tilbod til elevar i 1.-4. klasse (1.-7. klasse for born med særskilte behov).

Kriteria for inntak i prioritert rekkefølge.

1. Funksjonshemma born som kan ha nytte av SFO-tilbodet. Dette må vera skriftleg dokumentert av lege, helsesyster eller PPT.
2. Born med tilråding frå lege, helsesyster, PPT eller barnevern. Tilrådinga må vera skriftleg dokumentert.
3. Sysken til born som har plass, busette på Fedje.
4. Born av åleineforeldre.
5. Alle andre søkerar busette i Fedje kommune. Søkerar under dette punktet vert prioritert slik at den som er yngst, går føre.
6. Søkerar som har levert søknad etter fristen.

Søknad om opptak føregår slik:

Ein søker på fastsett skjema.

Søknaden vert sendt til Fedje kommune.

Rektor er ansvarleg for opptaket. Opptaket skal vera gjennomført innan 15. mai.

Hovudopptaket vert gjort for perioden som følgjer skuleåret.

Det er 3 vekers frist på å seia frå om ein tek i mot plassen. Tilbakemeldinga skal vera skriftleg. Dersom det er ledige plassar, kan søkerar bli tekne opp i løpet av skuleåret.

Når ein får plass i SFO, har ein denne plassen til ein seier opp eller er ferdig med småskulen.

## **§ 6 Klage på opptak**

- a. Formannskapet er klageinstans ved opptak.
- b. Klagefristen er 3 veker etter ein har teke i mot meldinga om opptak.

## **§ 7 Oppseiing av plass i SFO**

- a. Frist for å seia opp plassen er den 1. i kvar månad. Oppseiingsfristen er 3 månader.
- b. Oppseiinga skal skje skriftleg.
- c. Fristen kan også fråvikast ved særskilde grunnar. Særskilde grunnar er dersom barnet er heilt avskore frå å nytta plassen, t.d. flytting, sjukdom over 1 månad osb.

## **§ 8 Foreldrebetalning**

- a. Kommunestyret fastset foreldrebetalninga.
- b. Kommunen ved rådmannen står for innkrevjinga.
- c. Ein betaler for 11 månader.
- d. Når ein har ledige plassar, kan ein gje barn dagoppthal. Betalinga vert rekna pr. kjøpt dag.
- e. Dersom ein ynskjer å søkja om ekstra tid, jf. pkt. e, skal ein søkja om dette i god tid, og seinast innan kl. 10 dagen før.

## **§ 9 Straffegebyr**

- a. Fedje kommune ved rådmannen kan ilegga foreldra eit straffegebyr når borna ikkje vert henta til avtala tid. Gebyret vert ilagt pr. påbegynt halvtime og vert fakturert saman med den ordinære betalinga. Gebyret vert justert saman med den ordinære betalingssatsen.

## **§ 10 Leike- og oppholdsareal**

- a. SFO nyttar lokale og uteområde på skulen. På tider det er 3 born eller færre i SFO, samarbeider ein med barnehagen og kan nytta barnehagen sine ute- og inneareal.
- b. SFO skal ha fast base på skulen, og kan i tillegg nytta skulen sine spesialrom og andre ledige lokale etter behov.
- c. Skulen og SFO finn tenlege løysingar på sambruk av hjelpemiddel, materiell og utstyr.

## **§ 11 Dagleg oppholdstid og årleg opningstid**

- a. Dataar for når SFO er open/stengd finn ein på skule- og barnehageruta.
- b. Tilboda som ein kan nytta seg av er kjøp av dagar, frå ein dag (20%), to dagar (40%) og opp til fem dagar (100%).
- c. På dagar når barnet går på skulen, gjev SFO eit tilbod før og etter skuletid, opningstid er 07.15-08.20 og etter ordinær skuledag fram til 16.00. På skulefrie dagar er SFO open frå 07.15 til 16.00.
- d. Gruppestørrelse er MINIMUM 3 born for at ein skal oppretta tilbod i denne økta. Aktuelle økter er: 07.15-08.20, ordinær skuleslutt-15.15, og 15.15-16.00. På skulefrie dagar er det ei økt frå 08.20-ordinær skuleslutt.

## **§ 12 Bemanning og leiing**

- a. Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret.
- b. Til ei kvar tid er det tilsett ein som er SFO-ansvarleg med avsett tid til administrasjon. Denne har ansvar for all dagleg drift som til dømes kontakt med foreldre/føresette, innhenting av vikar osb.
- c. Bemanninga skal i gjennomsnitt vere 1 vaksen pr. 12 barn i SFO. Bemanninga skal vere forsvarleg i høve til gruppestørleik og barnegruppa si samansetjing, og må vurderast fortløpande. Denne vurderinga ligg til rektor etter innspel frå SFO-ansvarleg.
- d. Born med spesielle behov kan utløyse ekstra bemanning.

## **§ 13 Teieplikt**

Tilsette i SFO er bundne av teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

## **§ 14 Internkontroll**

SFO fylgjer kommunen sitt internkontrollsysten som ein del av skulen eller barnehagen si drift. Lokale og uteområde skal godkjennast av miljøretta helsevern.

## **§ 15 Forsikring**

Kommunen må syta for at borna er forsikra i dei tilfelle då dei ikkje er dekka av Folketrygdlova.

### **Satsar for betaling i SFO gjeldande pr. månad frå 01.08.2015**

Satsane vert justert årleg i samband med budsjettetthandsaminga

Tilboda som ein kan nytta seg av er:

1. dag - pris pr. mnd 450,-
2. dagar - pris pr. mnd 900,-
3. dagar - pris pr. mnd 1350,-
4. dagar - pris pr. mnd 1800,-
5. dagar - pris pr. mnd 2250,-

Søskenmoderasjon vert 30% for søsken nr. 2, og 50% for søsken ut over det talet.

Sats ved for sein henting:

100,- pr påbegynt 30 min.

## **Tidlegare sakshandsaming**

### **VEDTEKTER FOR FEDJE SKULEFRITIDSORDNING**

(Vedteke i kommunestyret sak 077/02 – 19.12.2002):

#### **I INNHOLD**

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod for born i 1.-4. klasse (1.-7. klasse for funksjonshemma born) i samband med skuledagen.

Skulefritidsordninga skal bidra til større heilskap og samanheng i borna sin kvardag gjennom eit nært samarbeid mellom heim, skule og kultur- og fritidstiltak i nærmiljøet.

Læring av omsorg og ansvar for kvarandre gjennom leik og andre sosiale aktivitetar bør stå sentralt i skulefritidsordninga.

#### **II**

##### **§1. Styre**

- a) Fedje kommune eig og driv skulefritidsordninga.  
Oppvekst- og omsorgskomiteen er øvste styre for skulefritidsordninga.  
Kommunestyret godkjenner vedtekten.
- b) Samarbeidsutvalet er styre for ordninga ved skulen.
- c) Leiar for SFO og foreldrerepresentant vald av foreldremøte i SFO har møterett og stemmerett i samarbeidsutvalet i saker som vedkjem SFO.

##### **§2. Ansvar og administrasjon**

- a) Rektor har det pedagogiske og administrative ansvaret for skulefritidsordninga.
- b) Leiar for SFO har ansvaret for tilbod og innhald i aktivitetane.

##### **§3. Gruppestorleik og bemanning**

- a) Bemanninga skal vera ein vaksen pr. 12 born.
- b) Barn med spesielle behov utløyser ekstrabemanning.
- c) Styret for SFO kan i særlege tilfelle vedta å avvika frå bemanningsnorma i punkt 3 a.

#### **§4. Opningstida**

- a) Det ordinære skulefritidstilbodet følgjer barnehageåret.
- b) Skulefritidstilbodet skal organiserast mellom kl. 07.30 - 16.00 og kan ha ulike økter og varierande lengde i løpet av dagen/veka.
- c) Tilboden kan ha ulike økter og varierande lengde i løpet av dagen/veka.
- d) Kvar økt må ha minst 3 born for at tilboden skal oppretta. Dersom nokon sluttar og gruppa vert mindre, vert tilboden gjeve fram til 31. juli.
- e) Skulefritidsordninga samarbeider med barnehagen når skulen har sine feriar. Alle borna skal ha minimum 4 veker ferie frå SFO i løpet av året. 3 av desse skal vera samanhengande.

#### **§5. Lokale, leikeareal og hjelpemiddel**

- a) SFO skal ha fast base, og kan i tillegg nytta skulen sine spesialrom og andre ledige lokale etter behov.  
Lokale og uteareal skal godkjennast av oppvekst- og omsorgskomiteen.
- b) Skulen og SFO finn tenlege løysingar på sambruk av hjelpemiddel, materiell og utstyr.

#### **§6. Måltid**

Borna et eitt måltid for dagen i SFO. Dei har sjølv mat og drikke med seg.

#### **§7. Oppnak**

- a) Søknad om plass vert å senda skulen.
- b) Born i 1. klasse og funksjonshemma har førerett til plass i SFO.
- c) Rektor og SFO-leiar er opptaksnemnd.
- d) Tildeling av plass i SFO gjeld for eitt barnehageår .
- e) Dersom det av spesielle grunnar skulle vera trond for å slutta i SFO eller redusera timetalet i opptaksperioden, må skriftleg søknad sendast skulen seinast 14 dagar før ny påbegynt månad. (Ein betalar for den månaden ein seier opp i.)
- f) Rektor kan i samråd med SFO-leiar innvilga utvida timetal.

#### **§8. Finansiering/økonomi**

- a) SFO vert finansiert ved statstilskot, kommunale midlar og ved foreldrebetaling.
- b) 15 % av statstilskotet skal gå til å styrka tilboden for born i skulefritidsordninga som treng hjelp etter sakkunnig vurdering. Rektor avgjer fordeling og opplegg.
- c) Foreldrebetalinga gjeld for 11 månader kvart år.
- d) Fedje kommunestyre fastset foreldrebetalinga for kvart budsjettår i samsvar med sjølvkostprinsippet.
- e) Fedje kommune gjev 30% søskenmoderasjon.
- f) Fedje kommune set opp eit internrekneskap for SFO-ordninga som spesifiserer kostnadane som skal leggjast inn i foreldrebetalingsgrunnlaget for sjølvkostfond.

#### **§9. Forsikring**

Kommunen må syta for at borna er forsikra i dei tilfella der dei ikkje er dekka av folketrygdlova.

## §11. **Evaluering**

- a) Vedtektena for SFO skal drøftast i samarbeidsutvalet etter behov.

### **Saksutgreiing:**

I §4. er det nødvendig med følgjande endringar:

- c) Dette punktet går ut då det er ein skrivefeil jfr. kommunestyret sitt vedtak.
- d) (Justert tekst) Kvar økt må ha minst 3 born for at tilbodet skal opprettaast.  
Dersom nokon sluttar og gruppa vert mindre, vert tilbodet gjeve fram til sommarferien.
- e) (Andre setning går ut. Teksten vert då slik): Skulefritidsordninga samarbeider med barnehagen når skulen har sine feriar.

I § 8. er det nødvendig med slike endringar:

- c) (Tillegg i teksten) Foreldrebetalinga gjeld for tildelt tidsrom inntil 11 månader kvart år.
- g) (Nytt punkt): Dersom det er ledig plass kan det kjøpast plass på timebasis. Prisen vert då dobbelt av ordinær timepris.

### **Vurdering:**

Med desse endringane er vedtektena godt tilpassa brukarane sine behov.

### **Høyring:**

#### **Uttale frå elevrådet:**

Ingen kommentarer til endringa.

#### **Uttale frå FAU:**

FAU støttar rektor sitt framlegg, men ønskjer ei presisering i §8 pkt g til ny tekst:

"Dersom det er ledig plass, kan det kjøpast plass innanfor gruppetimeidene til SFO. Prisen vert då dobbelt av ordinær timepris."

**Uttale frå lærarmøte:**

Lærarmøte har ingen kommentarer til rektor sitt framlegg.

**Samarbeidsutvalet sitt vedtak (30.09.04):**

I §4. er det nødvendig med følgjande endringar:

- c) Dette punktet går ut då det er ein skrivefeil jfr. kommunestyret sitt vedtak.
- f) (Justert tekst) Kvar økt må ha minst 3 born for at tilbodet skal opprettast.  
Dersom nokon sluttar og gruppa vert mindre, vert tilbodet gjeve fram til sommarferien.
- g) (Andre setning går ut. Teksten vert då slik): Skulefritidsordninga samarbeider med barnehagen når skulen har sine feriar.

Endring av § 6:

Ny tekst: Borna har med seg nødvendig mat og drikke.

I § 8. er det nødvendig med slike endringar:

- d) (Tillegg i teksten) Foreldrebetalinga gjeld for tildelt tidsrom inntil 11 månader kvart år.
- g) (Nytt punkt): Dersom det er ledig plass, kan det kjøpast plass innanfor gruppetimeidene til SFO. Slik tinging må skje seinast dagen før i SFO si opningstid. Prisen vert dobbelt av ordinær timepris.

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

I §4. vert det gjort følgjande endringar:

- c) Dette punktet går ut då det er ein skrivefeil jfr. kommunestyret sitt vedtak.
- h) (Justert tekst) Kvar økt må ha minst 3 born for at tilbodet skal opprettast.  
Dersom nokon sluttar og gruppa vert mindre, vert tilbodet gjeve fram til sommarferien.
- i) (Andre setning går ut. Teksten vert då slik): Skulefritidsordninga samarbeider med barnehagen når skulen har sine feriar.

Endring av § 6:

(Ny tekst): Borna har med seg nødvendig mat og drikke.

I § 8. vert det gjort slike endringar:

- e) (Tillegg i teksten) Foreldrebetalinga gjeld for tildelt tidsrom inntil 11 månader kvart år.

- g) (Nytt punkt): Dersom det er ledig plass, kan det kjøpast plass innanfor gruppetimeidene til SFO. Slik tinging må skje seinast dagen før i SFO si opningstid. Prisen vert dobbelt av ordinær timepris.

#### **14.10.2004 OPPVEKST OG OMSORG**

Framlegg frå H:

Endring til § 7 – nytt punkt lyder

"Endring av plass kan verta innvilga dersom det er ledig plass. Skal eit barn slutta i SFO i løpet av skuleåret, må skriftleg oppseiling liggja føre seinast ein månad før barnet vert teke ut. Sluttar barnet etter 1.april, skal betaling krevjast for resten av skuleåret." ( Jfr barnehagevedtekter pkt. 11)

Vedteke mot 1 røyst

#### **OO-039/04 VEDTAK:**

I §4. vert det gjort følgjande endringar:

- c) Dette punktet går ut då det er ein skrivefeil jfr. kommunestyret sitt vedtak.  
j) (Justert tekst) Kvar økt må ha minst 3 born for at tilbodet skal opprettast.  
Dersom nokon sluttar og gruppa vert mindre, vert tilbodet gjeve fram til sommarferien.  
k) (Andre setning går ut. Teksten vert då slik): Skulefritidsordninga samarbeider med barnehagen når skulen har sine feriar.

Endring av § 6:

(Ny tekst): Borna har med seg nødvendig mat og drikke.

Endring av § 7 – nytt punkt lyder

"Endring av plass kan verta innvilga dersom det er ledig plass. Skal eit barn slutta i SFO i løpet av skuleåret, må skriftleg oppseiling liggja føre seinast ein månad før barnet vert teke ut. Sluttar barnet etter 1.april, skal betaling krevjast for resten av skuleåret." ( Jfr barnehagevedtekter pkt. 11)

I § 8. vert det gjort slike endringar:

- f) (Tillegg i teksten) Foreldrebetalinga gjeld for tildelt tidsrom inntil 11 månader kvart år.  
g) (Nytt punkt): Dersom det er ledig plass, kan det kjøpast plass innanfor gruppetimeidene til SFO. Slik tinging må skje seinast dagen før i SFO si opningstid. Prisen vert dobbelt av ordinær timepris.

Framlegg frå H - §7 vart vedteke mot 1 røyst ( Hilde Koppen AP)  
Framlegget for øvrig vart samråysta vedteke

## **09.11.2004 KOMMUNESTYRET**

To framlegg:

- A. Feirtalsframlegget i Oppvekst og omsorg.
- B. AP fremja mindretalsframlegget i Oppvekst og omsorg. Nytt pkt. 7 utgår.

Fleirtalsframlegget vart vedteke med 11 mot 6 røyster.

### **K-066/04 VEDTAK:**

I §4. vert det gjort følgjande endringar:

- c) Dette punktet går ut då det er ein skrivefeil jfr. kommunestyret sitt vedtak.
- d) (Justert tekst) Kvar økt må ha minst 3 born for at tilbodet skal opprettast. Dersom nokon sluttar og gruppa vert mindre, vert tilbodet gjeve fram til sommarferien.
- e) (Andre setning går ut. Teksten vert då slik): Skulefritidsordninga samarbeider med barnehagen når skulen har sine feriar.

Endring av § 6:

(Ny tekst): Borna har med seg nødvendig mat og drikke.

### **Endring av § 7 – nytt punkt lyder**

"Endring av plass kan verta innvilga dersom det er ledig plass. Skal eit barn slutta i SFO i løpet av skuleåret, må skriftleg oppseiling liggja føre seinast ein månad før barnet vert teke ut. Sluttar barnet etter 1.april, skal betaling krevjast for resten av skuleåret." ( Jfr barnehagevedtekter pkt. 11)

I § 8. vert det gjort slike endringar:

- f) (Tillegg i teksten) Foreldrebetalinga gjeld for tildelt tidsrom inntil 11 månader kvart år.
- g) (Nytt punkt): Dersom det er ledig plass, kan det kjøpast plass innanfor gruppetimeidene til SFO. Slik tinging må skje seinast dagen før i SFO si opningstid. Prisen vert dobbelt av ordinær timepris.

Vedteke med 11 mot 6 røyster. AP + Ottar Tangen og Inge Waage – begge Frp utgjorde mindretalalet.

